

Styremøte halde i Hammersvik søndag 26.1.2013 kl. 18.00 – 20.15.

Frammøte: Jan Hammersvik, Kaare Aardal, Per Arne Berge, Atle Nøstdal og Terje Hovden.

Nr.	Sak / aksjon
1	<p><u>Naustet på Rydjajorda</u></p> <p>Sparebank 1 Skade gjorde framlegg om avkorting av forsikringssummen med 60 % fordi «konstruksjonen er svak og da den ikke har innfesting til grunnen».</p> <p>Klage vart sendt til Ankenemnda for Statens Naturskadefond i oktober 2012, men det var endå ikkje komme svar på våren 2013 (til årsmøtet 10.3.).</p> <p>No er svar komme. Per Arne kunne fortelje at Sparebank 1 / Naturskadefondet sto fast på avgjerda om å avkorte forsikringsutbetalinga med 60 %, dvs. totalt ei erstatning på kr 28.000,-. Dette er så lite at det er uråd å tenkje på vøling av naustet. Styret diskuterte derfor om naustet heller skulle rivast.</p> <p>Sidan naustet på Rydjajorda er ein viktig del av landskap og miljøet i Årdalen, var det semje om å gå endå ei runde for å sjå om vedtaket kan klagast på. Det har <u>ikkje</u> vore takstmann på staden, likevel er dei ganske bastante i påstandar i høve til byggeskikk på eit naust som har vore på Rydjajorda i fleire generasjonar.</p> <p>Per Arne sjekkar om det er for seint å klage.</p>
2	<p><u>Medlemmar 2013</u></p> <p>Totalt berre 13 betalande medlemmar – vanleg vel 60.</p>
3	<p><u>Rekneskap 2013</u></p> <p>Terje gjekk gjennom resultatrekneskapen for 2013, sjå vedlegg.</p> <p>Hovudtal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Inntekter 2013      kr 37 327,-</li> <li>▪ Utgifter 2013      kr 53 481,25, dvs. reduksjon av kontantbeholdninga med <u>kr 16 154,25</u></li> <li>▪ Bankkonto pr. 1.1.2014      <u>kr 24 880, 14</u></li> </ul>
4	<p><u>Arbeid utført i 2013</u></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ På våren utført brenning av einstape, lyng og tørrgras</li> <li>▪ Rydda rundt våningshuset og transportert vrakmaterial til bål ved fjøra (ikkje brent)</li> <li>▪ Engslått</li> <li>▪ Sett opp elektrisk gjerde, hatt tilsyn med det gjennom beitesesongen, teke det ned</li> <li>▪ Kledd ferdig våningshuset utvendig</li> <li>▪ Måla huset – har no to strok (står att litt flikking)</li> </ul>
5	<p><u>Prioritert arbeid 2014</u></p> <p>Vennelaget ser for seg eit «pauseår» når det gjeld større arbeid - dvs. at ein utset reparasjon av kårhuset til 2015. Aktuelle tiltak 2014:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Innvendig arbeid i våningshuset (framføring og listing av vindauge etc.)</li> <li>▪ Gjere ferdig rundt inngangsdør</li> <li>▪ Lås – få nøkkelskap inne i våningshuset slik at ein treng berre eigen nøkkel til ytterdøra</li> <li>▪ Gjerde slik at det ikkje kjem dyr for nær inn på tunet</li> <li>▪ Gjere ferdig bakkemur på tunet, inste del</li> <li>▪ Brenne einstape, ev. lyng og tørrgras</li> <li>▪ I vekstsesongen forsøke å slå einstapen med kantklippar slik at veksten blir hemma / stoppa</li> <li>▪ Sjekke tak på geitefjøs, ev. få tilbod på takplater / lysplater (Per Arne)</li> </ul>

6	<p><u>Årsmøtet 2013</u></p> <p>Det vart bestemt å halde årsmøtet søndag 9. mars frå kl. 19.00 på Selje hotell.</p> <p>Kl. 18.00 same dag vert det styremøte for å gå gjennom årsmøtesaker inkl. årsmelding. Terje skriv denne.</p>
7	<p><u>Skriv frå fylkesmannen ved Trond Folkestad</u></p> <p>Fylkesmannen er etter synfaring hausten 2013 godt nøgd med det arbeidet som er gjort i Årdalen, både når det gjeld bygningar (våningshuset) og skjøtsel.</p> <p>Det er no att om lag kr 35 000,- som vi søkje på til skjøtsel / SMIL-midlar.</p>

26.1.2014

th